



Eitt av laga som stilte opp på Dønhaug i julehelga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kunnskapskonkurransane eller quiztevlingar er på ei høg bølge rundt om i landet, ofte på bestemte restaurantar/kafear. På Husnes møtest 50-100 personar, også over 100, tysdagskveldane. Uskedelinger er med.

Kan vi tenkja å få til noko slikt i mindre målestokk også i Uskedalen, til dømes skipa til av Uskedal Ungdomslag, Uskedalen Utvikling, Dønhaug, Vertshuset eller andre? Eller er bygda for lita, interessa mindre enn middels eller ikkje aktuelt av andre grunnar? Intelligensen og kunnskapen er vel nokolunde som i andre bygder i Kvinnherad, kanskje litt høgare!? Eller kan det vera noko å arbeida fram mot til hausten?

Tevlinga er delt opp i emne som aktuelle ting siste tida, sport, geografi, film og underhaldning, musikk og mykje anna, og eit interessant spørsmål der du skal finna fram til ein bestemt person, ting, dyr osb. Du får porsjonar med opplysningar og til færre opplysningar du brukar til høgare kan poengsummen verta. På Husnes kan det vera opptil sju personar på laga, og når det har vore opptil 23 lag, vert det 100 eller meir. Er det ikkje fint? Tysdag var det 14 lag med. Skal vi tru at det kan verta 5-12 lag i Uskedalen?!

På eit arrangement på Dønhaug i julehelga vart dette prøvt med hell, så vidt vi har forstått. Godt, Magne og Festidalen!

På Husnes er dei fleste frå Husnes-området, men det er også med deltakarar frå andre bygder, mellom anna fire med tilknytning til Uskedalen, far og to søsken frå Eik, og tysdag stilte det eit skapskodd lag frå Rosendal. Dei med tilknytning til Eik kom på ein suveren andre plass.

Det er retteleg triveleg på Restauranten Dr. Munk. Konsentrasjonen og konkurranseinstinktet er i høgsetet.

På syttitalet arrangerte Noregs Ungdomslag 'Kven veit?'-tevlingar "på landsbasis. Det var med fleire lag frå Uskedalen. Arrangementet var i ungdomshuset. Diplomane heng i ungdomshuset den dag i dag.

Tipset frå underteikna er gratis! Kanskje bør det vurderast i Uskedalen!?

Av Torfinn Myklebust.